

MØTEBOK

Organ:	Finansutvalet
Stad:	Tingsalen, Leikanger
Dato:	09.06.2021
Tid:	08:15 - 10:10

Funksjon	Namn	Parti	Forfall	Møtt for
Ordfører	Arnstein Menes	SP		
Medlem	Karen Marie Hjelmeseater	SP		
Medlem	Svein Jarle Slinde	SP		
Medlem	Bjarte Stedje	SP		
Medlem	Henny-Kristin A. Navarsete	AP		
Medlem	Gunnhild Olstad Bøyum	H		
Varaordfører	Vibeke Johnsen	SV		
Medlem	Frode Bøthun	KRF		
Medlem	Trude Risnes	V		
Medlem	Ståle Loftesnes	MDG		
Medlem	Rita Navarsete	FRP	x	

Til stades med møte- og talerett:

Konstituert rådmann Tor-Einar Holvik Skinlo

Frå administrasjonen:

Konst. Økonomisjef Daniel Gåsemyr Fluge

Sekretariat for møtet:

Magne Oddsteen

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Finansutvalet valde ordfører, Frode Bøthun og Bjarte Stedje til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Sak 3/21
Budsjett 2022 / Økonomiplan 2022 - 2025 - Arbeidsdokument 3/21

Frå administrasjonen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Konsekvensar av tertialrapport 1/21 og rekneskap 2020 – tilrådde rammejusteringar for budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025

- Dei tilrådde varige endringane i driftsbudsjettet som følgje av tertialrapport 1/21 vert innarbeidd i sektorrammene for åra 2022-2025.

Driftsbudsjettet 2022-2025 – oppdaterte føresetnader og framlegging av utgreiingar/tiltak på sektornivå

- Oppdaterte føresetnader knytt til løyving skjema 1 vert lagt til grunn for vidare arbeid med budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025
- Oppdatert prognose for konsesjons- og heimfallskraft vert innarbeidd i budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025.
- Det vert lagt opp til eit systematisk arbeid i høve vidare innsparingspotensiale innanfor administrativ oppgåveløysing, i tråd med punkta 1-7 og 9.
- Det vert lagt til grunn eit innsparingskrav for dette arbeidet på 1 mill. kr i 2022, aukande med 1 mill. kr årleg i åra 2023-2025. Samla innsparingskrav i 2025 vert på 4 mill. kr. Rådmannen tilrår at dette kjem i tillegg til vedteke innsparingskrav for sektoren administrasjon og innovasjon.
- Innsparingspotensialet er sektorovergripande. Rådmannen vil kome attende til dei konkrete innsparingstiltaka når dei vert konkretiserte for åra 2022-2025.
- Finansutvalet legg til grunn at det vert teke politisk initiativ til å evaluere nivået på politisk verksemd før neste valperiode.
- Finansutvalet legg til grunn at følgjande utgreiingane med tilhøyrande innsparingspotensiale i tiltak 1-4 vert lagt gjennomført for å møte deler av innsparingskravet i sektoren oppvekst.
- Rådmannen får i oppdrag å legge fram utgreiingstiltak til september for sektoren oppvekst for å løyse det resterande innsparingskravet på sektoren.
- Finansutvalet legg til grunn at utgreiingane med tilhøyrande innsparingspotensiale i tiltak 1 og 2 vert gjennomført for å møte deler av innsparingskravet innanfor sektoren helse.
- Rådmannen vil kome attende ytterlegare konkretisering av innsparingspotensiale knytt til tiltak 1 og 2 til september.
- Rådmannen får i oppdrag å legge fram utgreiingstiltak for sektoren helse til september, for å løyse det resterande innsparingskravet på sektoren.

- Finansutvalet legg til grunn at utgreiingane innanfor plan og samfunn vert arbeidd vidare i høve innsparingskravet for sektoren.
- Rådmannen får i oppdrag å vurdere nye utgreiingstiltak med innsparingspotensiale til september for sektoren, i tillegg til planlagd framlegging av utgreiingar innan reinhald og vedlikehald av bygg.
- Finansutvalet tek orienteringa om vurderinga av nivået på innsparingskrav på sektorane og vidare arbeid med utgreiingar til vitande.

Investeringsplan 2022-2025 - tilrådd investeringsnivå utifrå vedteke måltal for gjeld

- Finansutvalet tek informasjon om gjeldsgrad og økonomisk handlingsrom til vitande.

Habilitet:

Endringsframlegg:

Punkt 3.3. frå KrF, Frode Bøthun, inn eit ekstra punkt:

- Finansutvalet ønskjer ei vurdering av kapasiteten i den administrative leiinga og oversikt over vakansar i organisasjonen.

Frå ordførar Arnstein Menes, Sp:

- Utgreie moglegheita for å opprette eit fond for støtte til regionale satsingar.

Avrøysting:

Framlegget frå KrF vart vedteken samrøystes.

Framlegget frå Sp vart vedteken samrøystes.

Innstillinga frå administrasjonen vart vedteken samrøystes.

Vedtak:

Konsekvensar av tertialrapport 1/21 og rekneskap 2020 – tilrådde rammejusteringar for budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025

- Dei tilrådde varige endringane i driftsbudsjettet som følgje av tertialrapport 1/21 vert innarbeidd i sektorrammene for åra 2022-2025.

Driftsbudsjettet 2022-2025 – oppdaterte føresetnader og framlegging av utgreiingar/tiltak på sektornivå

- Oppdaterte føresetnader knytt til løyvingskjema 1 vert lagt til grunn for vidare arbeid med budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025

- Oppdatert prognose for konsesjons- og heimfallskraft vert innarbeidd i budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025.
- Det vert lagt opp til eit systematisk arbeid i høve vidare innsparingspotensiale innanfor administrativ oppgåveløysing, i tråd med punkta 1-7 og 9.
- Det vert lagt til grunn eit innsparingskrav for dette arbeidet på 1 mill. kr i 2022, aukande med 1 mill. kr årleg i åra 2023-2025. Samla innsparingskrav i 2025 vert på 4 mill. kr. Rådmannen tilrår at dette kjem i tillegg til vedteke innsparingskrav for sektoren administrasjon og innovasjon.
- Finansutvalet ønskjer ei vurdering av kapasiteten i den administrative leiinga og oversikt over vakansar i organisasjonen.
- Innsparingspotensialet er sektorovergripande. Rådmannen vil kome attende til dei konkrete innsparingstiltaka når dei vert konkretiserte for åra 2022-2025.
- Finansutvalet legg til grunn at det vert teke politisk initiativ til å evaluere nivået på politisk verksemd før neste valperiode.
- Finansutvalet legg til grunn at følgjande utgreiingane med tilhøyrande innsparingspotensiale i tiltak 1-4 vert lagt gjennomført for å møte deler av innsparingskravet i sektoren oppvekst.
- Rådmannen får i oppdrag å legge fram utgreiingstiltak til september for sektoren oppvekst for å løyse det resterande innsparingskravet på sektoren.
- Finansutvalet legg til grunn at utgreiingane med tilhøyrande innsparingspotensiale i tiltak 1 og 2 vert gjennomført for å møte deler av innsparingskravet innanfor sektoren helse.
- Rådmannen vil kome attende ytterlegare konkretisering av innsparingspotensiale knytt til tiltak 1 og 2 til september.
- Rådmannen får i oppdrag å legge fram utgreiingstiltak for sektoren helse til september, for å løyse det resterande innsparingskravet på sektoren.
- Finansutvalet legg til grunn at utgreiingane innanfor plan og samfunn vert arbeidd vidare i høve innsparingskravet for sektoren.
- Rådmannen får i oppdrag å vurdere nye utgreiingstiltak med innsparingspotensiale til september for sektoren, i tillegg til planlagd framlegging av utgreiingar innan reinhald og vedlikehald av bygg.
- Finansutvalet tek orienteringa om vurderinga av nivået på innsparingskrav på sektorane og vidare arbeid med utgreiingar til vitande.

Investeringsplan 2022-2025 - tilrådd investeringsnivå utifrå vedteke måltal for gjeld

- Finansutvalet tek informasjon om gjeldsgrad og økonomisk handlingsrom til vitande.

Regional utvikling

- Utreie moglegheita for å opprette eit fond for støtte til regionale satsingar